



Arkivnr: 2014/598-18

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		10.11.2015
Fylkesutvalet		18.11.2015

**Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren –  
Budsjetfordeling nr. 6 - 2015****Samandrag**

I budsjettet for 2015 var det opphavleg løyvd 125 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I samband med tertialrapporteringa for 1. tertial er denne posten redusert til 100 million kroner. Vidare har ein skilde prosjekt fått tilført til saman 17 million kroner i samband med sak nr. 41/2015 i Opplærings- og helseutvalet.

I denne saka rår ein til at resterande løyving for 2015 vert fordelt til prosjekter ved Stord vgs. og prosjekt ved Bergen Katedralskule, og Rubbestadnes vgs og Austevoll vgs.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	665.020.00	02320	02146	Stord vgs - Omb. tilrettelagt opplæring	5 000 000	
10	665.020.00	02320	02147	Stord vgs.- Ventilasjon teoriblokk	3 500 000	
10	631.020.00	02320	02149	Rubbestadnes vgs. – Toaletter	800 000	
10	648.020.00	02320	02129	Austevoll vgs. – Gjennoppbygging	2 210 000	
10	633.020.00	02320	02150	Bergen Katedralskule–Omb. kjemirom	1 290 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		12 800 000
				12 800 000	12 800 000	

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
eigedomsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.10.2015

### Innleiing

I budsjettet for 2015 var det opphavleg løyvd 125 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. I samband med tertialrapporteringa for 1. tertial er denne posten redusert til 100 million kroner. Vidare har einskilde prosjekt fått tilført midlar i samband med sak nr. 41/2015 i Opplærings- og helseutvalet. Det vert lagt til grunn at ein netto står igjen med 12,8 million kroner i ufordelt frå rammeløyvinga. I denne saka rår ein til at desse midlane vert fordelt til følgjande prosjekt:

### Stord vgs – Innreiing for tilrettelagt opplæring m.m.

Stord vgs. har ein funksjon som knutepunktskule for kvardagslivstrening. For å gje eit godt tilbod både til dei elevane som er der no, men og framover er det behov for større areal. Ein ser at skulen har behov for ein øvingshybel, skjerma arbeidsrom, sanserom og eit formingsrom / verkstad for å kunne gi eit godt og tilpassa tilbod til denne elevgruppa.

Det er gjort vurderinga av aktuelle løysingar for å få til dette, og er konkludert med at ein tilrår at areal i første etasje i A-blokka vert rehabilitert og ombygd til formålet. Ei ombygging her vil sikre adkomst på gateplan samt at avstanden til dagens avdeling for tilrettelagt ikkje vert alt for stor. Vidare rår ein til å pusse opp klasserom i 2 og 3 etasje.

Samla kostnad med prosjektet er ikkje klart, men ein rår til at det vert løyvd 5,0 million kroner frå årets løyving for rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

### Stord vgs, Vabakken – Nye ventilasjonsaggregat i teoriblokk

Eksisterande ventilasjonsanlegg ved skulen er frå 70-talet, og har ikkje kapasitet til å dekke meir enn 50% av dagens krav til luftmengde. I tillegg byggjer ein for tida nytt auditorium i teoriblokka. Det er derfor behov for oppgradering av ventilasjonsanlegget. Det er ikkje sett av midlar til fullstendig utskifting/oppgradering men det er naturleg å gjennomføre einskilde tiltak i samband med andre ombyggingsarbeid.

Vi vil i denne omgang montera nytt ventilasjonsaggregat for auditoriumet, og skifta ut det gamle ventilasjonsaggregatet på bygget med eit større aggregat. Tiltaket omfattar forutan ventilasjonsanlegg også elektro, byggfag, vassboren varme, automatikk og prosjektering.

Ei framtidig fullgod løysing krev eit ekstra ventilasjonsaggregat i nytt ventilasjonsrom samt oppgradering av ventilasjonsinstallasjonane i alle etasjar.

Kostnaden ved tiltaket er rekna til 3,5 million kroner basert på kalkyle, og ein rår til at det vert løyvd 3,5 million kroner frå årets løyving for rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

### Rubbestadnes vidaregåande skule – oppgradering toalett – C-Bygget

I deler av C-bygget ved skulen er toalettforholda for elevar svært dårlege. For å gje elevane akseptable tilhøve er det behov for å utbetre einskilde toalett. For å få til ei god løysing vil det være naudsynt med einskilde bygningsmessige tiltak slik at samla areal vert noko utvida. Ein rår til at det vert løyvd 0,8 million kroner til prosjektet. Antatt kostnad er basert på kalkyle.

### Austevoll vgs – Gjennoppbygging etter brann

Desember 2011 brann deler av tårnet ved skulen ned som følge av lynnedslag. Då tårnet vart bygd opp igjen vart det lagt til grunn at kostnadane knytt til prosjektet ville bli dekt av forsikringa. Utforming og innhald i tårnet vart imidlertid noko endra i høve til kva som var tilfellet før brannen. Vidare vart det diskusjonar knytt til mellombels kostnadar, ekstra kostnader knytt til drift i skadeperiode og verdien på utstyret som vart øydelagt. Så langt er det klart at deler av kostnaden knytt til prosjektet ikkje vil bli dekt av forsikringa, men

forsikringsoppgjøret er enda ikkje i hamn, og det er framleis uvisst når det vil skje. For å få avslutta dette prosjektet, som vart gjennomført i 2013 og 2014 rår ein difor til at samla forbruk på om lag 2,21 million kroner vert finansiert frå årets løyving for rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

#### **Bergen Katedralskule – Ombygging kjemirom m.m.**

I gjeldande økonomiplan ligg det inne løyvingar/planer for ei større ombygging/rehabilitering/utviding av Bergen Katedralskule. Vidare er det tidlegare fremja forslag om å starte arbeidet med å etablere eit nytt kantinekjøkken uavhengig av framdrifta på hovudprosjektet. Skulen har vidare fremja ynskje om mellom anna etablering av nytt kjemirom i 4 etasje i bygget. Både etableringa av dette rommet og einskilde andre mindre tiltak på eigedomen kan skje utanom hovudprosjektet. Ein rår difor til at det vert løyvd til 1,29 million kroner til ombygging av kjemirom m.m. frå årets løyving for rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren